

**Møteprotokoll**

|                  |                                 |
|------------------|---------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Stord kommune, Kontrollutvalet  |
| <b>Møtestad:</b> | Stord rådhus, kommunestyresalen |
| <b>Dato:</b>     | 18.02.2025                      |
| <b>Tid:</b>      | 14:00 - 16:30                   |

**Følgjande faste medlemer møtte:**

| Namn                      | Funksjon  | Representerer |
|---------------------------|-----------|---------------|
| Tarjei Aamot Haga         | Leiar     | AP            |
| Nils Magne Blålid         | Nestleiar | SV            |
| Inga Margrethe Fagerbakke | Medlem    | AP            |
| Fredrik Litleskare        | Medlem    | H             |
| Randi Høgås Nesse         | Medlem    | UAVH          |

**Merknader**

Deloitte AS, v/ Mikael Nesse Persson held kurs om habilitet frå kl. 12.00. Ordførar, kommunedirektør, fleire frå kommuneadministrasjonen og varamedlem Vigdis Olsen deltok. Fredrik Litleskare kom til kontrollutvalsmøtet. Dei andre i utvalet deltok både på kurs og møte.

**Andre som møtte**

| Namn                  | Stilling   |
|-----------------------|--|
| Tommy Johansen        | Kommunedirektør (sak PS 1/25 – PS 4/25)                            |
| Jon Eirik Kvalnes     | Personal- og organisasjonssjef (sak PS 1/25 – PS 4/25)             |
| Kjersti Gjuvsland     | Forvaltningsrevisor i Deloitte AS                                  |
| Mikael Nesse Persson. | Kursføresar frå Deloitte AS (Deltok berre på kurset)               |
| Hogne Haktorson       | Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune |

Tarjei Aamot Haga  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

| Utvals-<br>saknr   | Innhald   | Arkiv-<br>saknr | U.Off |
|--------------------|---|-----------------|-------|
|                    | <b>Godkjenningssaker</b>  |                 |       |
| GK 1/25<br>GK 2/25 | Godkjenning av innkalling og sakliste<br>Godkjenning av protokoll frå møte 04.12.24                 | 2023/470        |       |
|                    | <b>Politiske saker</b>  |                 |       |
| PS 1/25            | Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og<br>missleg framferd i Stord kommune             | 2023/354        |       |
| PS 2/25            | Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning -<br>handlingsplan                            | 2023/355        |       |
| PS 3/25            | Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord<br>kommune - statusrapport            | 2024/98         |       |
| PS 4/25            | Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll   | 2023/391        |       |
| PS 5/25            | Informasjon frå NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2025  | 2023/471        |       |
| PS 6/25            | Årsmelding 2024 for Stord kontrollutval   | 2024/49         |       |
| PS 7/25            | Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune  | 2023/472        |       |
| PS 8/25            | Eventuelt   | 2023/468        |       |
|                    | <b>Referat saker</b>  |                 |       |
| RS 1/25            | FKT - medlemsinformasjon desember 2024  | 2023/471        |       |
| RS 2/25            | FKT - medlemsinformasjon januar 2025  | 2022/33         |       |
| RS 3/25            | Invitasjon til FKTs fagkonferanse 3. – 4. juni 2025   | 2022/33         |       |
| RS 4/25            | Signerte protokoller fra ekstraordinære generalforsamlinger i<br>Hordfast 08.10.2024 og 13.01.2025  | 2023/475        |       |
| RS 5/25            | Signert protokoll frå representantskapsmøte Sunnhordland<br>interkommunale miljøverk (SIM) 26.04.24 | 2023/475        |       |
| RS 6/25            | Informasjon til kommunane om landsomfattande tilsyn med<br>tenester til heimebuande eldre           | 2025/4          |       |

## **GK 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.  
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **GK 2/25 Godkjenning av protokoll frå møte 04.12.24**

### **Forslag til vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.2024 vert godkjent.

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til møteprotokollen.

Møteprotokollen vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.2024 vert godkjent.

## **PS 1/25 Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering
2. Utvalet ber om ny informasjon til utvalet sitt første møte i 2026.

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Personal- og organisasjonssjef Jon Eirik Kvalnes orienterte og kommunedirektør Tommy Johansen supplerte om kva som er gjort så langt. Dessutan om planar vidare, herunder etikkseminar, dilemmatrening og risikovurdering.

Det var ei grei drøfting mellom kontrollutval, administrasjon, sekretariat og revisjon om kva ein burde vera merksam på.

Presentasjonen vert ettersendt til kontrollutvalet sine medlemmar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Utvalet ber om ny informasjon til utvalet sitt første møte i 2026.

### **PS 2/25 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - handlingsplan**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2026. Hovudfokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.
3. Statusrapporten vert å levera til sekretariatet innan 15.01.2026.

#### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

##### **Behandling i møte**

Under drøftinga hadde utvalet særleg fokus på oppfølging av pkt. 2, 7 og 8b i kommunestyret sitt vedtak i sak PS 41/24 og ei forventning om at dette vart omtalt meire i neste statusrapport.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke inkl. retting av eit omgrep i pkt. 1.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan eigarskapsforvaltning i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2026. Hovudfokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.
3. Statusrapporten vert å levera til sekretariatet innan 15.01.2026

### **PS 3/25 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - statusrapport**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om at prosjektet er i rute.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 4/25 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon: .....
2. Utvalet ber Deloitte om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 20.03.2025.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 09.04.2025.

## **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Sekretariatet orienterte om dialog med Statsforvaltaren i Vestland relatert til RS 6/25, jmf. prioritert prosjekt i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester. Herigjennom kom fram at:

- Det vart gjennomførte planlagt tilsyn med Stord kommune og helse- og omsorgstenestene til heimebuande eldre, 10.-11. september 2024.
- Dette tilsynet omhandla bruk av medisindispenser hjå heimebuande eldre i 2024. Det vart ikkje oppdaga lovbrøt under tilsynet og tilsynet er derfor avslutta.
- Stord kommune er ikkje ein av dei utvalde kommunane for planlagt tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester til heimebuande eldre dette året.

Kommunedirektøren orienterte om at arbeidstilsynet har plan om tilsyn dette året omkring vold og truslar i alle barneskulane.

Kontrollutvalet ønskte å gjennomføra forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester. Det er også neste prioriterte prosjekt i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Utover moment som går fram av planverket, så hadde utvalet slike merknader / innspel / moment:

- pårørande sitt arbeid ift. det offentlege
- sjukefråvær og rekruttering. Turnover og arbeidsbelastning
- Velferdsteknologi

Forslag til vedtak, herunder val av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet har intensjon om at det vert gjennomført slik revisjon: Forvalningsrevisjon av heimebaserte tenester
2. Utvalet ber Deloitte om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber om at prosjektplan vert levert til sekretariatet seinast 20.03.2025.
4. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen i møte 09.04.2025.

## **PS 5/25 Informasjon frå NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2025**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Nestleiar i kontrollutvalet, Nils Magne Blålid, hadde ei god orientering frå konferansen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 6/25 Årsmelding 2024 for Stord kontrollutval**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet i Stord kommune.

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Sekretariatet orienterte kort om årsmeldinga. Utvalet synest årsmeldinga var god og godt dekkande for aktiviteten i 2024.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet i Stord kommune.

## PS 7/25 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Kommunestyret sitt møte 19.12.2024, sak PS 92/2024 Avtale mellom Stord kommune og Vikahaugane Drift og Vedlikehold AS.

Kontrollutvalet var samde i ønskje om informasjon:

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientera i neste utvalsmøte om prosessen rundt finansiering av tilskot til VIDRIVE AS og etablering av Ishall, jmf. PS 92/2024 i Stord kommunestyre.

Formannskapet sitt møte 05.02.25, sak PS 02/25 Delegasjon av avgjerdsmynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ og kommunedirektøren, Pkt. 10 Delegering til kontrollutvalet. Her er det tekst om planverk 2020-2024 som bør endrast til gjeldande planverk for perioden 2024-2028. Det vil bli teke opp når saka kjem til kommunestyret 20.02.25.

Sekretariatet orienterte om etterspurt informasjon til administrasjonen jmf. utval for byutvikling sitt møte 23.01.25, sak OS 01/25. Det gjeld:

- tilsyn frå Mattilsynet vedk. leveringstryggleik for Stord vassverk
- tilsyn frå DSB med korleis kommunen ivaretek krava til beredskap i Stord brann og redning

Vedtak i saka var samrøystes.

#### Vedtak

- Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.
- Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientera i neste utvalsmøte om prosessen rundt finansiering av tilskot til VIDRIVE AS og etablering av Ishall, jmf. PS 92/2024 i Stord kommunestyre.

## PS 8/25 Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

A) Budsjett 2025 for kontrollutvalet.

Sekretariatet opplyste om at kontrollutvalet sitt budsjettforslag for 2025 i all hovudsak er vedteke av kommunestyret, samt om overføring av midlar til sluttfinansiering av påbegynt forvaltningsrevisjon til 2025, jmf. kontrollutvalet sitt vedtak i sak PS 34/24, pkt. 2.

B) Personalsituasjonen i sekretariatet.

Kontrollsjefen orienterte om at han går av med pensjon hausten 2025 og at ny kontrollsjef truleg vert tilsett i marstinget. Det er og to andre endringar i sekretariatet. Snarleg ny utlysing som rådgjevar/seniorrådgjevar.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

A) Budsjett 2025 for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

B) Personalsituasjonen i sekretariatet.

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **RS 1/25 FKT - medlemsinformasjon desember 2024**

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 2/25 FKT - medlemsinformasjon januar 2025**

### **Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 3/25 Invitasjon til FKTs fagkonferanse 3. – 4. juni 2025**

**Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet ønske at Fredrik Litleskare representerer kontrollutvalet på FKT sin fagkonferanse med årsmøte 3.-4. juni 2025.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet ønskjer at Fredrik Litleskare representerer kontrollutvalet på FKT sin fagkonferanse med årsmøte 3.-4. juni 2025.

## **RS 4/25 Signerte protokoller fra ekstraordinære generalforsamlinger i Hordfast 08.10.2024 og 13.01.2025**

**Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 5/25 Signert protokoll frå representantskapsmøte Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) 26.04.24**

**Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 6/25 Informasjon til kommunane om landsomfattande tilsyn med tenester til heimebuande eldre**

**Saksprotokoll 18.02.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Skrevet er omtalt i sak PS 4/25 under "behandling i møte".

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.